

Innspel frå eldrerådet til kommuneplanen sin samfunnsdel



Volda kommune

17.12.2015

Notat frå møte i Eldrerådet

Dette heftet er eit notat frå møte i eldrerådet 29.09.2015.

Arkivsak nr.: 2015/632

Volda kommune ynskte innspel frå eldrerådet til kommuneplanen sin samfunnsdel. På møtet 29. september 2015 gjekk planleggar frå kommunen gjennom dei åtte hovudtema i planprogrammet, og samla innspel frå rådet. Rådet vart bedd om å legge ekstra vekt på tema og problemstillingar som hadde spesielt med deira organ å gjere. Planprogrammet og utfordringsnotat for Volda kommune 2015 var sendt ut til rådet på førehand. Alle som var til stede på møtet fekk fyrst i oppgåve å notere mål og strategiar kvar for seg. Etterpå fekk deltakarane presentere og kommentere innspela for kvarande. Dei inkomne innspela er i etterkant samla og sortert etter tema.

Innhald

Attraktivitet	s. 3
Busetting	s. 4
Volda i regionen	s. 5
Volda sentrum	s. 6
Folkehelse	s. 7
Klima og miljø	s. 8
Tenester	s. 9
Samfunnstryggleik	s. 9

Mål:

Arbeid. Arbeidsplassar også i bygdene.

Strategiar:

- Næringstomter.
- Skjerm og ta vare på dei større arbeidsplassane.
- Halde på dei store offentlege institusjonane; sjukehus, høgskule.

Mål:

Busetting over heile kommunen.

Strategiar:

- Få nye folk til å busette seg og etablere seg her. Legge til rette for meir folk til bygdene.
- Meir besøk til einslege eldre.
- Meir skule, friluft, attraksjonar, legge til rette for meir næring.
- Bru over Voldsfjorden.
- Vi vil ha gode rutetilbod.

Mål:

Tryggare vegar.

Strategiar:

- Fleire sykkelstiar.
- Fleire gang- og sykkelvegar.

Mål:

Kultur.

Strategiar:

- Styrke kulturlivet. Vi har stort kulturengasjement alt i dag.
- Meir aktivitet til eldre.

Mål:

Legge til rette slik at folk kan bu i sitt nærmiljø så lenge "helsa held".

Strategiar:

- Det viktigaste for oss på bygdene (Folkestadsida) er Voldsfjordbrua.
- Bygge ut Folkestadtun.

Mål:

Kommunen må legge til rette for at bygdene også vert attraktive.

Strategiar:

- La bygdeskulane leve.
- Ta i bruk ubebudde hus og utnytte gardar.

Mål:

Butrivsel.

Strategiar:

- Eldre og yngre bur i same område; dei har mykje å gi kvarandre. Eldre har glede av å vere med barn, barn vil ta betre vare på eldre når dei vert større, om dei er vant til å vere med eldre som barn.
- Eldrebustadar.
- Bygge fleire hyblar til skuleelever. Hybelsituasjonen: det er press på utleigebustadar. Fleire hybler.
- Busetting over heile kommunen. Eldre og unge i same miljø.
- Stor utfordring å halde oppe busetting - samferdsel sentralt. Attraktive bustadområder. Legge til rette for at eldre kan bu heime lengst mogleg.

TEMA: **Volda i regionen**

Mål:

Volda viktig regionsenter

Strategiar:

- Sjukehus, høgskule, tingrett, flyplass, trafikknutepunkt. Dette vil vi ha. Alle desse institusjonane må halde fram i Volda for å halde på Volda sin status som regionsenter.
- Samarbeide.
- Legge ut tomter til industri.
- Buss til flyplassen.
- Volda sjukehus scorar høgt på brukarundersøkingar; nytte desse for det det er verd.
- Slik vi har det nå med sjukehuset, berre at det må ha fleire funksjonar.
- Volda er særleg attraktivt på grunn av sjukehus, høgskulen og vidaregåande.
- Arbeid. Sykehus. Skule. Tingrett. Volda vidaregåande skule.

Mål:

Kultur og friluftsområde.

Strategiar:

- Voldaregionen har eit utruleg friluftsområde. Dalsbygd har lett tilgang til ein stor fjellheim.
- Me har også gode tilbod, fyrmuseet og sogelaget.

Mål:

Utvikle Volda sentrum som ein meir attraktiv handelsplass.

Strategiar:

- Oppgradering av sentrum.

TEMA: **Volda sentrum**

Mål:

Eit triveleg sentrum der ein og tek vare på eldre bygningskultur.

Strategiar:

- Det viktigaste: ta vare på den flotte kyrkja.
- Volda har ikkje vore flinke nok til å ta vare på kvalitetane (trehusbebyggelsen). Være bevisst på arkitektur (vil ikkje ha "brakkebyar").
- Ta vare på kyrkja.

Mål:

Fleire treffstader. Meir handel i sentrum og grøntområde.

Strategiar:

- Lage til små samlingsplassar der folk kan kome saman.
- Treffstader der eldre kan møtast.
- Sette ut (bord og) benkar på stader med lite trafikk.
- Torg. Marina/havn. Elvadalen.
- Ikkje meir handel i Furene.
- Oppgradering av fysisk miljø, treffstader ut og inne.

Mål:

Vinne tilbake sentrum for folk - mindre bil.

Strategiar:

- Gjennomgangstrafikken utanom sentrum (Voldatunnel).
- Samlingsplassar utan trappar.
- Ta vekk alle trappetrinn som gjer det vanskeleg for eldre med gåstol og rullestol.
- Bu nær butikkar og møteplassar.

Mål:

Vi vil ha gode oppvekstplassar.

Strategiar:

- Gode oppvekstvilkår og helsetilbod.
- Gode og trygge heimar, barnehagar og skular.
- Trivelege og trygge miljø.

Mål:

Forebyggande helsearbeid.

Strategiar:

- Etablere mosjonssykelstier.
- Legge til rette for turstiar.
- Lågterskeltilbud som t.d. gågrupper for eldre. Meir motiverande å gå tur saman med andre.
- Svømmehall.
- Ski. Sportsanlegg.
- Fleire ballplassar.
- Haldningsarbeid.
- Haldningsarbeid; starte med barna.
- Aktivitet - legge til rette for det. Legge til rette for eldre å bu heime lengst mogleg. Forebygge livstilssjukdommar.
- Meir aktivitet.
- Tenkje folkehelse HEILE LIVET.
- God helse og trivsel er sjølvsagt avgjerande og viktig; det sparer samfunnet for store utgifter.
- Forebyggande arbeid sentralt, ikkje "vekse på seg" livstilssjukdommar.
- Legg opp til at det vert andre krav til helse- og omsorg når dei som i dag er 50-60-ingar kjem på omsorgs-senter. Dei vil ha tilbod til både kino og teater.

Mål:

Vi vil ha hjelp til dei som treng det i bygdene våre.

Strategiar:

- Utkant vert enda større utkant dersom det vert kommunesamanslåing.

Mål:

Mindre biler i sentrum.

Strategiar:

- Tilrettelegge for myke trafikantar.
- Betre miljø for mjuke trafikantar.
- Fleire gang- og sykkelveggar.
- Uteområde, ballplassar etc.

Mål:

Hindre nedgroing.

Strategiar:

- Ta med deg øks og sag når du går tur, me treng at småkrattet vert nedsaga.
- Rop ikkje berre på stat og kommune.

Mål:

Mindre forsøpling.

Strategiar:

- Kast ikkje frå så mykje rusk og rask.
- Folkeopplysning om søppel.
- Haldningsskapande arbeid hos barn og unge.

TEMA: **Tenester**

Mål:

Vi vil fortsatt ha politi og legetenester som bygdene kan gjere seg nytte av.

Strategiar:

- Brannkorps, også dei små brannkorpsa på bygdene.
- Ikkje godta nedlegging av offentlege tenester som politi, lege og sjukehus. Me treng dei!

Mål:

Viktig med gode heimetenester.

Strategiar:

- Fortsatt god tenesteyting, men store utfordringar på eldreomsorga.
- God legedekning - tenester i utkantane.
- Helsehjelp til alle aldrar og situasjonar der det trengs.
- Må bruke meir ressursar på institusjonane, for liten bemanning - slitasje på tilsette.
- Folkestadtun.
- Vi kan alle prøve å vere til hjelp og trøyst der det trengs.

TEMA: **Samfunnstryggleik**

Mål:

Vi må ha eit godt apparat som kan trå til ved ulukker og t.d. orkanskadar.

Strategiar:

- Politi, brannkorps og hjelpekorps til hjelps når det trengs. Legge til rette så desse etatane kan fungere.
- Halde på sjukehuset!
- Arbeide med sentrale styringsmakter.

Mål:

Helsetenester - eldre må bu trygt heime.

Strategiar:

- Gode telefonlinjer og sattelittelefon i kvar bygd.

Nyttige lenkar:



Kommuneplan for Volda. Planprogram. Framdriftsplan. Medverknad. Tall og statistikkar. Utfordringsnotat for Volda 2015.

Les meir på www.volda.kommune.no/plan



Aktivitetstilbod i Volda. Frivillige lag og organisasjonar.

Les meir på www.volda.kommune.no/tenester/helse/folkehelse/fysisk-aktivitet/aktivitetsplanar.aspx



Kommunestatistikk på nett. Fylkesstatistikk.

<http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser>



Planlegging etter plan- og bygningsloven. Nasjonale forventningar. Folkehelse. Kommunal planlegging. Samfunnssikkerhet. Universell utforming. Informasjon frå regjeringa.

Les meir på planlegging.no



Volda kommune

Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: +47 70 05 87 00

Faks: +47 70 05 87 01

Åpningstider: 08.00–16.00

